

## Kva skal skje etter Bygdeutviklingsprosjektet?

31.10.2007



Kristian Bringedal – her under ettervalmøtet i Gamleskulen - undrar på kva som skal skje når Bygdeutviklingsprosjektet no går mot slutten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kva skal skje i Uskedalen etter at Bygdeutviklingsprosjektet er avslutta? Det er spørsmålet som vert stilt i eit ope møte i Gamleskulen tysdag 6. november. Prosjektleiari Kristian Bringedal og leiinga i Uskedal Utvikling ventar spente på svaret og bygdefolket blir inviterte til å seia si meining.**

Bringedal beskriv situasjonen slik:

- Vi har no drive Bygdeutviklingsprosjektet med tilførte midlar i fire år.

Det starta som ei del av Forum Folgefonn i 2004. Frå 2006 vart arbeidet vidareutført i Bygdeutviklingsprosjektet med SMIL-midlar i to år og det går difor mot slutten.

Men dersom det vert tilført nye midlar i 2008, kan vi vurderer om den noverande modellen skal halda fram.

Til møtet på tysdag, der den vidare utvikling skal drøftast, har Bringedal kalla inn medlemmene i gruppene under prosjektet og styret i Uskedalen Utvikling. Men møtet er også ope for alle interesserte som har synspunkt og gode inspel.